

Øvre Suldal Grendautval
4244 Nesflaten

Suldal kommune
v/ Plan og miljøkonsulent Rune Roalkvam
4230 SAND

Sak 2/14 frå møte 27.03.2014

Uttale til utbygging av kraftverk i Øvre Suldal.

Øvre Suldal grendautval er positiv til all næringsutvikling i Øvre Suldal og at grunneigarane kan nytta dei ressursane som bruka har, til å skaffa seg tilleggsnæring.

Begge Kraftverka det er søkt om å byggja, ligg i områder som er bratte og lite tilgjengelege. Dette er område med lite ferdsel. Inngrepa i naturen er små, og vil bli lite synlege etter utbygginga.

Øvre Suldal grendautval er og positive til bygging av veg i begge områda. Veg vil bli nyttig for grunneigarane, og kan gi nye moglegheiter for allmennheita til å nytta desse områda.

Bygging av veg og nedgraving av røyrarter, kan gjerast på ein skånsom måte, slik at såra i naturen viser lite etter berre nokre få år.

Bråtveit Kraft: Grendautvalet går inn for at Bråtveit Kraft får byggja ut etter alternativ 1. I forslag til vedtak i LMT utvalet er det forslag om å forlenga tunnell frå kote 275. Dette meiner Grendautvalet er unødvendig ekstra kostnad. Ei mindre regulering av Kvernavatnet bør ein og kunne tillata.

Tysdal Kraft: Grendautvalet tilrår at Tysdag Kraft får byggja ut etter alternativ B. Forslag til vedtak frå LMT utvalet om at røyrarter skal profilbårast i staden for å gravast ned, meiner Grendautvalet er heilt unødvendig og er ein stor ekstra kostnad. Her er valt løysing med passiv regulering og berre 1 m vil gi lite inngrep i naturen og lite utgraving i strandsona.

Ved uttale til Tysdag Kraft var Marit Stueland Tveit og Lars Eikemo ugilde.

Nesflaten, 30.03.2014

Lars Eikemo
-leiar-

Marit Stueland Tveit
- skriver-

